

## Programstyre – fransk – 290101

Til stades: Helge Vidar Holm, Margery Skagen, Kjersti Fløttum, Harald Ulland, Myriam Coco, Isabell Aga Engelsen (stud.repr.), Keren Rebecca Marthinsen (stud.repr.), Gita Pattanaik Rongevær (studiekonsulent), Guro Sandnes (ref.).

Forfall: Jorunn Svendsen, Anje Gjesdahl

### Sakliste

- Godkjenning av dagsorden og referat frå førre møte.  
SPIK-programmet som sak under eventuelt.
- Orienteringssaker:
  1. Søkjarar og komitéar for div. stillingar (fransk lingvistikk, Kjerstis klimaprojekt):  
Det var 4 søkjarar på stillinga som førsteamanuensis i fransk lingvistikk. Komité er oppnemnd. SAMCUL-prosjektet: 5 søkjarar til ei stilling som postdoc. Til stilling som vitskapleg assistent var det 28 søkjarar. Komité er oppnemnd.
  2. FRAN100? HF trenerer saka – den er sett på vent til det kjem ei avklaring med ny bachelor. Saka skal diskuterast på fakultetsmøte 14. februar.
  3. Status for ARs festschrift til Odile: Det blir om lag 15-16 bidrag, ein del skrivne av lokale forfattarar. Det skal etter planen vere ferdig til 16. mai (Odiles 70-års-dag).
  4. Møte med programsensorane, Hans Petter Helland og Karin Gundersen, UiO, 7/3. Seksjonen definerer arbeidsoppgåvene – blir sendt ut per epost av Helge Vidar (karakterstatistikkar osv.). Emnerapportar frå H-12 skal vere innlevert innan 15/2. Programsensorane vil også ha eit møte med studentane den 7/3.
  5. Uttalingar ang. ex.phil innan 20/2-13 til Studentparlamentet. Sak for fagutvalet?  
Studentrepresentantane vil få fagutvalet opp å stå innan 7. mars, då det er fagkritisk dag.
  6. Beskjed om spesifikke ordbøker skal inn i emneomtalane (forslag frå Jorunn). Forslaget blei vedteke.
  7. Beskjed om endringar i timeplanen må gå om Marit H.
  8. Bøker for fransk i kjellaren Øysteinsgt. 1. skal til arkiv bak lesesal i 2. etg. HF. Ca 1/3 må kastast. Dugnad på seksjonen i slutten av februar? Studentar frå Ad Fontes kan forsyne seg av det som blir til overs.
  9. Besøk/gjesteforelesning/lunsj/møter med Daniel Chartier og Lise Bizzoni frå UQAM 3/2-4/2. Programstyret invitert til lunsjen, torsdag 12.30.
  10. Gita Pattanaik Rongevær overtek som studiekonsulent for fransk frå slutten av februar. Guro Sandnes vikarierer to veker for Kari Soriano Salkjelsvik før Karis disputas ½.
  11. Harald overtek som fagkoordinator 5/2 – 13/2 i Helges ferie.
  12. Nye representantar i Nasjonalt fagråd for romanske språk og litteraturer: Helge Vidar føreslått som ny representant for fransk, Margery går av. Leiar er Antonio Fábregas (UiT).

Andre føreslegne representantar frå IF: Miguel Quesada-Pacheco, Marco Gargiulo (vara). Nasjonalt fagråd vil i 2013 bli halde ved NHH, i oktober, og vil gå over to dagar.

13. 15/2 frist for innlevering av prosjektskisser til masteroppgåver.

## Diskusjonssaker

3. Diskusjon av vedlagt rapport frå «oversettelseskomiteen». Harald innleidde.

Komiteen ønskjer å halde fram med omsetjing på alle nivå. Votering over føreslegne endringar i emneomtalane som inneheld omsetjing:

- FRAN103, Ny formulering: Skriftleg skoleeksamen (2 timar) i omsetjing fransk-norsk. (Inga endring)

- FRAN114, Formulering går ut: Studentane vil også kunna arbeida på eiga hand med omsetjingar i Multimedialaben eller på internett.

- FRAN201, Ny formulering: For å kunna ta eksamen i emnet må studentane få godkjent ei av øvingsoppgåvene i grammatikk og *to* av omsetjingsoppgåvene (*ei* norsk-fransk og *ei* fransk- norsk) som er blitt gjevne i samband med undervisninga.

Ny formulering: Ei 4 timars prøve i omsetjing frå fransk til norsk og frå norsk til fransk.

- FRAN302, Ny formulering: Ei skriftleg prøve i omsetjing (4 timar)

*Alle fire forslaga blei vedtekne.*

Emneansvarlege blir pålagde å orientere nye undervisarar om dette i komande semester.

Det blei føreslått å opprette ei virtuell "hugseliste" for lærarar på eigen nettstad, a la Mi side, for å samle informasjon og bevare innspel frå lærarar. *Må ev. takast opp til vidare diskusjon.*

4. Diskusjon om endring/restrukturering av to masteremne: FRAN301 og FRAN302. Helge innleidde med utgangspunkt i følgjande prinsippvedtak på førre programstyremøte (30/10-12):

*FRAN301 omgjøres til et rent teoriemne, og litterære verk flyttes til FRAN302. Vedteke:*

FRAN301 blir gjort om til reint teoriemne, i samsvar med vedlagde emneomtale frå NTNU, men får ny emnekode: *FRAN305*. For å kome i gong med SAK-samarbeid med NTNU, må vi ha identiske emneomtalar, dvs. identiske mål og innhald, læringsutbyteomtalar, obligatoriske arbeidskrav og vurderingsformer. Vedtekne emneomtalar for H-13 kan sidan endrast i samarbeid med NTNU. Nødvendige tilpassingar til UiB sin mal blir gjort av instituttadministrasjonen, og sendt rundt til programstyret på sirkulasjon, før oversending til fakultetet.

*Pensum i middelalderfransk blir fjerna frå FRAN302, og litterære verk flytta frå FRAN301 til FRAN302. Vedteke*

5. Ny emneomtale for FRANDI101

- Krav til forkunnsapar: PEDAI111 går ut. Legge til setninga "*Minimum 15 studiepoeng i fransk*".

- Engelsk tittel: *French Didactics in Teacher Education*
- Undervisning og omfang: «Forelesingar: om lag 14 timer»
- Læremiddelomtale, endre til: *"Pensum utgjer om lag 350 sider. Pensumet er sjølvvalt i samråd med faglærar."*
- Kopiere følgjande setning frå Læremiddelomtale til Obligatoriske arbeidskrav: *"Pensumlista skal godkjennast av faglærar innan eit fastsett tidspunkt."*

6. Generell gjennomgang av emneomtalar:

- a. BA- og MA-programnivå: manglar gode nok læringsutbyteomtalar. *Vedtak: Margery vil utarbeide nye, som samsvarar med mal tilsendt frå instituttadministrasjonen.*
- b. FRAN103: læringsutbyteomtale. *Helge Vidar har allereie utarbeidd ny, som er sendt til studieleiar.*
- c. FRAN201, under læringsutbyte, pkt: *"- ha større kunnskap om fransk språkstruktur og -tekst". "og -tekst" lagt til.*

d. Vurderingsformer:

For å unngå mulege saker om plagiat ved at ein student leverer inn igjen same oppgåve på nytt, bør ein vurdere å ta inn følgjande tekst i emne med semesteroppgåve/heimeeksamen/mappevurdering:

"Ein student har høve til å levere same oppgåva på nytt i fall oppgåva er så omarbeidd at ho kan vurderast som ny. Kandidaten må då

- a) presentere og gi svar på nye problemstillingar, og/eller
- b) trekkje inn nytt empirisk materiale (kjelder/data), og/eller
- c) gjere ein vesentleg endra analyse og tolking av empirien"

- *Vedteke; skal leggjast til under Vurderingsformer på FRAN253, FRAN303 og FRAN350.*

e. Master

- Opptakskrav: Studieplanene bør vere endå tydelegare på kva som er opptakskravet til master (kva er "godkjent spesialisering"):

*Vedtak: Legge til under Opptakskrav følgjande formuleringar: "Om kandidaten har studert ved ein lærestad som har krav om minimum 80 studiepoeng med spesialisering/fordjuping, vil dette bli akseptert som opptaksgrunnlag."*

*"Studentar som ønskjer å søkje opptak til masterprogram i fransk på anna grunnlag enn det som er oppgitt å vere godkjent spesialisering i fransk, må søkje om godkjenning på førehand, seinast innan 15. mars.»*

- Programstyret vedtok å setje som hovudregel at emna må vere fullført før studenten kan levere inn masteroppgåva. *Skal leggjast til under Vurderingsformer på FRAN350.*

7. Eventuelt:

SPIK-programmet.

SPIK kan gi såkalla "dobbel spesialisering", dvs. spesialisering både i framandspråk og i interkulturell kommunikasjon. Spesialiseringa i framandspråket er noko svakare fagleg forankra enn i dei fagspesifikke bachelorprogramma, ikkje minst fordi det i regelen ikkje er inkludert litteraturemne i utdanningsplanen.

- *Franskseksjonen vedtok å ikkje legge inn nokon hindringar for at SPIK-studentar skal kunne ta master i fransk.*
- Ang. TRANSHF som tilsvarande bacheloroppgåve:  
Forslag: be emneansvarleg i TRANSHF om å legge inn meir oppgåveskriving på framandspråket, for å legitimere at oppgåva skal gjelde som bacheloroppgåve i språket.

06.02.13/GS